



Mandat 26

Innspelsdokument

Tenester til menneske med utviklingshemming/ -forstyringer



Innholdsliste

| | |
|---|----------|
| Om dette dokumentet | 3 |
| Velferdsteknologi | 4 |
| Organisering | 5 |
| Kvalitet og dialog med pårørende/ verjer | 6 |
| Rekruttering og kompetanse..... | 7 |

Om dette dokumentet

Bømlo kommune har ein 10-års plan som beskriv endringsbehov i helse og omsorgstenestene. Det blir også laga årlege handlingsplanar.

Tiltak 26 i Handlingsplan 2023-2024 omhandlar tenester til vaksne personar med utviklingshemming/ -forstyringar. Desse personane får tenester av Habiliteringstenesta. I dette arbeidet vurderer me **behov for endringar slik at me skal kunne gje gode tenester også i framtida. Ei framtid med mindre tilgang på arbeidskraft og strammare økonomiske rammer.**

Ei breitt samansett arbeidsgruppe har vurdert ulike tema, og me treng no *dine* innspel til arbeidet. Arbeidet skal resultera i ein rapport som skal ferdigstillast i mai.

Arbeidsgruppa har valt ut fire ulike områder der me har behov for innspel. Du kan sjølv velje om du vil gje innspel på eit eller fleire av desse områda. Du kan også gje innspel på områder som ikkje er omtalt i dette dokumentet. Alle innspel er viktige. – *Takk for ditt bidrag!*

Innspelsfrist er: **22. april**

Spørsmål?

Ta kontakt gjerne med Jorunn J Folgerø-Holm (tlf 489 99 937, jfh@bomlo.kommune.no) eller Frode Bratten (tlf 900 12 842, frode.bratten@bomlo.kommune.no)



illustrasjonsbilde: Arbeidsgruppa

Velferdsteknologi

Velferdsteknologi er ulike former for teknologisk assistanse som kan bidra til å øke tryggleik, sosial deltaking, mobilitet og aktivitet. Teknologien kan hjelpe den enkelte til å i større grad klare seg sjølv tross i sjukdom og/ eller nedsett funksjonsevne. Velferdsteknologi kan vere løysingar som tryggleiksalarm, digitalt tilsyn, medisindispensarar, GPS eller meir avansert sensorteknologi.

I Kommunedelplan HSO er meir bruk av teknologi ein av strategiane for å møte framtidens utfordringar, og ved søknad om hjelp skal bruk av velferdsteknologi alltid vurderast. Bømlo kommune har etter kvart tatt i bruk mykje teknologi. Arbeidsgruppa vurderer no det er behov for å meir systematisk utprøving av teknologi i tenester for menneske med utviklingshemming/-forstyringar.

Arbeidsgruppa har også fått tilbakemelding om at ein treng meir kunnskap om korleis og i kva situasjonar ein kan ta i bruk teknologi. Det er også meldt om behov for informasjon om kva lovverk som gjeld og korleis dette kan tolkast.

Aktuelle spørsmål for innspel:

- Korleis kan me best nå ut med informasjon til pårørande/ verjer og personale om bruk av velferdsteknologi?
- På kva områder er det behov for informasjon og kompetanseheving?

Organisering

Bømlo kommune har god tilgong på tenester til vaksne personar med utviklingshemming/-forstyrningar. Kommunen har til dømes ikkje ventelister på arbeids-/aktivitetstilbod eller bustad. I ein gjennomgang av tenestene er det komen tydleg fram at kommunen prioriterer ressursar til desse tenestene høgt samanlikna med andre kommunar. Høg ressursbruk blir i hovudsak forklart med bustadstrukturen. Kommunen gjev tenester i relativt mange små einingar med døgnbemanning og eigen personalbase der personar med ulike hjelpebehov bur saman.

Bømlo kommune har i stor grad lagt til rette for at pårørande/ brukarar sjølv kan velje kor mange og kven dei vil bu saman med. Dette er svært bra i eit brukar/ pårørandeperspektiv. Kommunen kan vere stolt over å ha bygd opp gode tenester og prioritert ressursar til til denne gruppa, samstundes kan dette gje driftsmessige utfordringar. Rehabiliteringstenesta har allereie rekrutteringsutfordringar, og ei framtid med enda større ressursutfordringar og mangel på arbeidskraft vil tenesta kunne bli ramma hardt om me ikkje gjer endringar.

Ein har byrja med omstrukturering av tenestene, meir samhandling på tvers og meir ambulerande tenester. Dette endringsarbeidet blir vidareført. Det vil også bli vurdert om integrering av aktivitetstilbod og oppfølging i bustad vil kunne ha effekt. Felles bruk av nattevaksressursar på tvers av tenester likeeins. Aktivitetstilbod på kveld/ helg kan også bli vurdert. Det er vidare meldt behov for å jobbe vidare med fristilling av ressursar til leining og fagutvikling, og det blir vurdert behov for å samle/ effektivisere administrative oppgåver. Det er også slik at ein del tenestemottakarar får endra hjelpebehov gjennom livet. Det vil då vere naturleg å vurdere endring i busituasjon.

Alle desse tiltaka vil kunne ha effekt, men det er truleg avgrensa kva effekt ein kan få med dei bustadstrukturene som er. Dersom ein skal redusere behov for personell framover, bør kommunen i tillegg arbeide for at fleire tenestemottakarar blir knytt opp mot kvar personalbase, og at det er eit tydlegare skilje mellom heildøgnsbemanna bustadar og dei bustadane som ikkje er det. Kommunen kan velje å ta ein meir bevisst styring over utviklinga av bustadstrukturen, mellom anna kva tid kommunen skal bidra til å etablere personalbasar og fellesareal, og kva bustadar som skal vera døgnbemanna.

Dette er noko pårørande/ verjer truleg ikkje ynskjer eller ser nytten i fyrste omgang. Høg grad av brukar/pårørandestyring blir sett på som svært viktig for mange. Det er også slik at ein har rett til å sjølv velje kvar ein vil bu. I ei framtid med mangel på personell og ressursar må ein likevel setje dette tema på dagsorden. Særskilt av di det kan bli vanskeleg å skaffe nok personell. Å sikra gode og robuste fagmiljø blir då viktig.

Aktuelle spørsmål for innspel:

-Framover vil det bli utforande å få tak i nok arbeidskraft og dei økonomiske rammene blir strammare. Kva tankar har du om framtidig organisering av tenesta til personar med utviklingshemming/-forstyrningar?

Kvalitet og dialog med pårørende/ verjer

Kvalitet kan definerst på ulike måtar. Det finnes ulike standardar på ulike fagområde, og tilsette skal følgje god fagleg standard innanfor kvart område. Det er utarbeida ei eiga forskrift for leing og kvalitetsforbetring i helse og omsorgstenestene som skal leggjast til grunn for kvalitets og utviklingsarbeid. Det finnes også ein [nasjonal veileidar for tenester til personar med utviklingshemming](#). Bømlo kommune ynskjer å gje tenester i tråd med veiledaren og det er igangsett eit arbeid på dette.

Dei siste åra er det gjort mykje for å systematisere samarbeid med pårørende og verjer. På **systemnivå** er det mellom anna prøvd ut temamøte der pårørende/ verjer, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF), politikarar og representantar frå administrasjonen og Habiliteringstenesta har deltatt. Denne møteplassen har hatt mål å auke kunnskap og innsikt i tenesteområdet. Det er ynskje å vidareutvikla dette fora.

Tenestene har også gjort mykje for å få til god **dialog på individnivå**. Habiliteringstenesta held mellom anna på å lage ein mal for samarbeidsavtale på individnivå, i samarbeid med pårørende. Målsetjinga med avtalen er å leggje til rette for god kommunikasjon og gjensidige forventingsavklaringar. Det er også meldt behov om å jobbe meir med å få til gode overgongar frå barne og familieteneste til vaksentenestene. Dette kan vere ein vanskeleg og uoversiktlege fase. Bruk av «treningsleiligheitar» og ein eigen tiltakspakke 16-25 år er også føreslått.

I dette utviklingsarbeidet er det også snakka om behov for **ein tydelegare tenestestandard** som beskriv kva oppgåver kommunen skal gjere og ikkje. Habiliteringstenesta utfører no ein del oppgåver som ikkje er vedtaksfesta. I ei framtid med mindre tilgong på personell vil ein truleg ikkje kunne prioritera slike ekstraoppgåver, kommunen må då måtte bruke den knappe personellressursen annleis. I arbeidet har det også kome fram at tilsette har behov for meir tydeleggjering kva som er deira oppgåve. For nokre pårørende/ verjer kan tydelegare tenestestandardar vere avklarande, men andre vil kunne oppleve å få eit dårlegare tenestetilbod. Det er fleire pårørende/verjer som melder om bekymring for reduserte tilbod, m.a. på fritida.

I dette arbeidet er de også snakka om å prøve ut ein **pårørandeskule**. Aktuelle tema som er nemnt er «frå barn til vaksen», velferdsteknologi og meistring.

Aktuelle spørsmål for innspel:

- Samarbeid på systemnivå: Kva type møtefora meiner du det er behov for framover? Kven bør eventuelt delta og kva tema bør drøftast?
- Trur du det er behov for ein pårørandeskule. Kva er i så fall aktuelle tema?
- Det pågår eit arbeid med mal for samarbeidsavtalar på individnivå, har du innspel til innhald i denne?
- Korleis bør kommunen jobbe vidare med forventningsavklaringar og tenestestandardar?

Rekruttering og kompetanse

Tilgang på tilstrekkeleg personell med rett kompetanse er ei av hovudutfordringane i framtidens helse og omsorgstenester. Det blir kamp om arbeidstakarane framover, og me må sikra at arbeidsplassane blir opplevd som attraktive. For kommunen betyr dette kontinuerleg vurdering av kompetansebehov, rekruttering og etablering av kompetansehevande tiltak i tenestene. Det blir også viktig vidareutvikla fagmiljø og å skapa gode rammer for tilsette.

Habiliteringstenesta har rekrutteringsutfordringar, særskilt høgskuleutdanna. Der er også utfordrande å skaffe gode vikarar, noko som mellom anna gjev utslag i høg overtidsbruk. Små einingar gjer dette ekstra sårbart. Det er difor behov for å laga betre og tydeligare kriseplanar som skal nyttast ved mangel på personell. Tenesta opplever jamleg situasjonar der dei må vurdere overtidsbruk og beordring av personell. Som grunnlag for arbeid med ein slik plan må det også vere dialog med pårørande/ verjer om kva dei kan bidra ved mangel på personell.

Habiliteringstenesta har også jobba mykje med arbeidstidsordningar. Det er mellom anna igangsette eit arbeid for å kvalitetssikra system for turnusplanlegging/ godkjenning av turnus. Det blir viktig å evaluera turnusar og gjennomgå risikovurderingar. Samt vurdere bemanningsplanar som er meir basert på kompetansebehov.

Emosjonell belastning er også sett på dagsorden. Det er krevjande å jobbe i yrkje der ein skal yte hjelp til andre. Bømlo kommune som arbeidsgjevar må då hjelpe til med å rydde i forventingar og arbeidsoppgåver. Det er meldt behov for ein tydeligare tenestestandard og arbeid forventningsavklaringar i desse tenestene.

Høg grad av heiltidsstillingar kan vere ein indikator på kvalitet og stabilitet. Habiliteringstenesa jobbar for heiltidskutlur og har lukkast med å auke opp stillingsprosentar. Det er blir i dette arbeidet også vurdert eit pilotsamarbeidsprosjekt mellom skulesektoren og Habiliteringstenesta på delte stillingar. Dette vil kunne gje skulen kompetanse dei har meldt behov for, samstundes som Habiliteringstenesta vil få fleire stillingar på dagtid.

Lønnsvilkår blir det og jobba med. I tillegg ei tydeligare satsing på omdømmebygging og profilering av tenestene.

Aktuelle spørsmål for innspel:

- Kva tenkjer du er viktig for å sikra god kompetanse og rekruttering i tenester for menneske med utviklingshemming/-forstyringar i framtida?